**UNIVERSITETET I BERGEN**
**DET PSYKOLOGISKE FAKULTET**
**INSTITUTTRÅD VED Institutt for pedagogikk**

Arkivsaksnr.: 2018/681

---

Møtet vart helde torsdag 20. februar kl. 13:30-15:00, på møterom 425, Vektergården, Christiesgt. 13.

---

Medlemmar til stades
Gruppe A: Astrid Tolo, Gry Heggli, Hanne Riese, Elisabeth Hesjedal
Gruppe B: Kristine Ludvigsen
Gruppe C: Kåre Helleve
Gruppe D: Ingen

Observatører: Line Hilt
Forfall: Wolf Eskil Kanstad, Dag Roness
Sekretær: Øystein Steine Larsen

**REFERAT:**

| | | |
|---|---|---|
| **I** | 2018/681 | **GODKJENNING AV SAKSLISTE**<br><br>Sakslista vart godkjent. |
| **II** | 2018/2289 | **GODKJENNING AV REFERAT**<br><br>Referatet frå møtet 18. januar vart godkjent |
| **III** | | **FULLMAKTSSAKER/SIRKULASJONSSAKER**<br><br>Ingen |
| **III** | 2017/2289 | **ORIENTERINGSSAKER/DISKUSJONSSAKER**<br><br>1. Forskingsmelding, forskarutdanningsmelding og utdanningsmelding 2017 – innleveringsfrist 1. mars. *Instituttleiinga skriv utkast til IPED sine meldingar. Utkastet til forskingsmeldinga og forskarutdanningsmeldinga blir sendt på sirkulasjon i instituttrådet, medan utkastet til utdanningsmelding blir sendt på sirkulasjon i undervisingsutvalet.*<br>2. Lokale forskingsmidlar IPED: intern søknadsprosedyre. *Søknader om midlar frå dei 68 000 kronene i Lokale forskingsmidlar avsett i budsjettet til IPED blir handsama laupande av instituttleiar. Gjeld søknad konferansestøtte er det eit krav om presentasjon på konferansen.*<br>3. Stillingsutlysingar og tilsetjingar ved IPED – status<br>4. HMS-årsrapport 2017 IPED – levert<br>5. Komande høyringar<br>*«Høring - endring i forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger»: Ved IPED blir denne sendt over til UPED-miljøet for vurdering. Gjeld utdanningsfagleg kompetanse det bør stillas krav om ved tilsetting og opprykk til førsteamanuensis- og professorstillingar. Intern UiB-frist 4. mars.*<br><br>*«Høring - Forslag til tekst til et felles innledningskapittel i de nasjonale retningslinjene for alle lærerutdanningene»: Ved IPED blir denne sendt over for vurdering til dei programansvarlege for pedagogikk i lærarutdanning, med kopi til programansvarleg for bachelor- og master i pedagogikk og programansvarleg for spesialpedagogikk. Intern* |

| | | |
|---|---|---|
| | | *høyringsfrist ved UiB er sett til 20. april.*<br><br>Rådet tek orienteringssakene/diskusjonssakene til etterretning. |
| **Sak 3/18** | **2018/2405** | **HEILSKAPLEG STYRKING AV IPED: FRAMDRIFTSPLAN OG BUDSJETT**<br><br>**Vedtak:**<br>Instituttrådet godkjenner komiteens prioriteringar, toårsplan og budsjett med dei merknader og endringar som kom fram i møtet:<br><br>1. Retningslinjene for dei søkbare midlane som skal stimulere til konkrete samarbeidsrelasjonar for einskildforskarar og forskingsmiljø er endra i høve teksten i saksførelegget slik at ordninga no også omfattar stipendiatar og post docs. Punkta om maksimalsatsar for søknadsbeløp er fjerna. Dei gjeldande søknadsretningslinjene er såleis:<br><br>- Støtten deles ut til faste ansatte, stipendiater, postdoktorer og forskningsmiljøer ved Institutt for Pedagogikk.<br>- Forskere kan få støtte til å besøke partnerinstitusjoner, dra på konferanser, workshops og seminar.<br>- Det kan også søkes støtte til å få besøk fra samarbeidspartnere.<br>- Internasjonale samarbeidsrelasjoner vil prioriteres.<br>- Forutsetningen for å få støtte er at forskeren skal legge frem eget arbeid og delta aktivt for å etablere kontakter og utvikle samarbeidsprosjekter.<br>- Det er også en forutsetning at forskeren har en konkret plan om hvem hun/han skal etablere kontakt med, i hvilken form (konkrete møter) kontakten skal etableres, samt ideer og planer for videre samarbeid.<br>- Det må legges frem et budsjett, hvor også midler i annum er tatt med i beregningen.<br><br>2. Instituttet vil aktivt søke støtte om studiekvalitetsmidlar til prosjektet, og ved tilslag her vil budsjettposten for dei instituttinterne søkbare midlane, som skal stimulere konkrete samarbeidsrelasjonar, kunne aukast.<br>3. Eit av dei sentrale omgrepa i prosjektet, «synleggjering», skal klargjerast og diskuterast ytterlegare både av prosjektgruppa og av instituttrådet undervegs i prosjektperioden.<br><br>Prosjektet og bruken av midlane skal evaluerast hausten 2019, og det skal i den samanheng bli føreslått budsjett for 2020 som så blir lagt fram for instituttrådet. |
| | | **Eventuelt**<br>1. ingen saker |

Astrid Tolo
Instituttleiar

Øystein Steine Larsen
Sekretær